

## Innkalling til Utdanningsutval, FHS

Dato: 8.12.23 Teams møte kl. 09:00-11:00

**Medlem:** Unni Margrethe Uren Aasen, Margaret Søvik, Johannes Haltbakk, Torill Forbord, Maria Knudsen (stud.), Florian Andreas Wingens og Hilde Kristin Tveit (ref).

**Forfall:** Hege Almeland Hansen og vara representant Berit Marie Njøs kunne ikke delta.

### Referat 3.10.23

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	Vedlegg <a href="#">Mandat Utdanningsutval</a>	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt? Justering av medlem i utdanningsutvalet – Florian Andreas Wingens er nytt fast medlem frå studieadministrasjonen	Prodekan innleiar	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste blei godkjend. Det blei ikkje meldt nokon sak til eventuelt. Florian er fast medlem i Utdanningsutvalet. Han har erfaring frå Utdanningsutvalet ved HVL. Studentrepresentant Maria Knudsen var med i møte sidan fakultetet ikkje har lukkast med å få tak i nye studentrepresentantar til Utdanningsutvalet.				
<b>8/23 Omstilling i økonomi og studieportefølje</b>	Vedlegg ligg i Teams: <a href="#">Vedlegg til saka i Fakultetsrådet</a>	Saka om omstilling i økonomi og studieportefølje har vore diskutert i fakultetsrådet. Utdanningsutvalet blir orientert om saka og invitert til dialog om kva dette inneber for fagmiljøa.	Dekan orienterer	25 min

## Fakultet for helse- og sosialvitenskap

### Referat:

Dekan Randi Skår orienterte med utdrag frå det som blei presentert i Fakultetsrådet.

Høgskulen får krav om å auke utdanningskapasiteten utan å få tilført ekstra midlar. Fakultetet har fått ny finansieringsmodell for 2025.

Det er viktig å oppretthalde gjennomstrøyming og god rekruttering. Fakultetet har høg studiepoengproduksjon men har likevel eit meirforbruk.

Fakultetet har utvikla fleksible program, program på deltid og oppretta av master i sosialvitenskap som ikkje er godt nok dekkja økonomisk. Fakultetet har søkt KD om studieplassar til deltid vernepleie campus Haugesund og studieretninga miljøterapi i master i sosialvitenskap.

Fakultetet har gjennomført tiltak knytt til digital læring og har gjennomført oppgraderingar på Sim Arena slik at alle campus har likt tilbod til studentane. Det er også brukt midlar til lisensar.

Det blei ei auking i felleskostnadar for HVL i 2023. FHS har fått mindre handlingsrom og fakultetet gjekk inn i 2023 med eit underskudd

Fakultetet har no eit meirforbruk noko som har resultert i at utlysingar er stoppa. Lønsbudsjett erogs påverka av forhandlingane.

Frå 2020 – 2023 er det ei auke på 58 årsverk i fakultetet som no har ca 400 tilsette totalt på 5 campus. Det er størt auke i faste stillingar men det er også auke i stipendiat- og postdoc stillingar. Fakultetet har også hatt avgang av tilsette med høg kompetanse. Ved IHO er det størst auke i midlertidige tilsette. Dei har også flest tilsette ute i kompetansestipend og stipendiatstillingar.

IHF er det auke med 14 personar og IVD har ei auke på 19 tilsette. Fakultetet vi sjå nærare på korleis vi kan bruke stillingane vi allereie har. Fokus er på om vi kan bruke fagtilsette meir på tvers av institutta.

Det er 11 % årsverk i fakultetet med første kompetanse og som er over 65 år og 29 % med toppkompetanse over 65 år.

6,8 årsverk er ute i kompetansestipend. Dette tek ressursar men er viktig for FHS.

Det er satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på Arbeidstid i vitenskaplege stillingar i lys av ny ressursmodell. Det er mellom anna diskusjon rundt fagleg fornying, ressursar til emneansvar, programansvar, studiekoordinatorar. Alle desse funksjonane tek ressursar.

Fellesemne og digitale læringsressursar i fakultetet er diskutert. Korleis kan vi bruke dette meir?

Det er mellom anna diskusjonar fagmiljøet i sjukepleie om kor mykje tid skal nyttast til sengereing. Meininga er at vi må sjå på læringsutbyta og kva for aktivitetar som er aktuelle i dei enkelte emne.

Fakultetet ser også på inntekter og auke i eksternfinansiert verksemd. Korleis kan vi nytte enkeltemne og tilby dei som betalingsstudie?

Dette må vi sjå opp mot kor mykje vi kan klare å gjere utan at dette kostar mykje ressursar.

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Fakultetet må også vurdere om vi må slanke studieportefølja. Den må vurderast opp mot samfunnskritiske utdanningar og program med få studentar.

*Utdanningsutvalet har følgjande innspel til saka:*

- NTNU opplever dei same utfordringane som FHS. Det er ei utfordrande tid og mykje fokus på økonomisk berekraft. Er det best å satse på BA utdanningane for det gjer meir utteljing?
- Korleis gjer vi vurderingar på masterprogramma og kva for EVU program vi fakultetet skal ha? Vi har mange interesser. Helseføretaka har meininger om både master og EVU. Vi er opptatt av å få flest mogeleg studentar både på bachelorutdanningane og masterutdanningane.
- Det er viktig å nytte møtepunkta vi har med kommunane og vere i dialog med dei.
- Vi har mange utdanningar som er monofaglege (det er viktig at vi har monofaglege masterprogram). Vi må ikkje utarme kvarandre og må samarbeide med andre tilsvarande utdanningar i regionen. Dette er tema i eit møte no om barnevern, psykisk helse- og rusarbeid.
- Samarbeid om fellesemne kan vere ei måte og spare ressursar på. Men det må gjerast mange tilpassingar. Kan det settast ned ei arbeidsgruppe slik at vi får til ein felles struktur?
- Kan fakultetet jobbe med å utarbeide eit fellesemne - metode og ressursar for bacheloroppgåva emna? Evt starte med å gjere eit emne felles for emna i eit institutt?
- Kan noko meir samkøyrast av undervisning og emne på master i KBP? Ein kan vurdere fleire smågrep for at medstudentar kan diskutere saman og fagseksjonane kan spare ressursar.
- Fakultetet bør bli betre på å bruke ressursar på tvers. MAMET er eit viktig emne å jobba vidare med og vi har no grunnlag for å gjere noko etter evalueringa av MAMET.
- Det er mykje tid på å organisere MAMET emnet i grupper (seminar og tilbakemelding). Studentane må sjå relevans i emnet – det er vanskeleg om ein ikkje er knytt dette til det enkelte program.
- Kva med å ha MAMET emne felles i kvart institutt?
- Danningsemne er felles ved IHF. Dei andre institutta køyrer utdanningane dette for seg. Dette kan også sjåast på.
- Fellesemne er utfordrande. Jobbar fakultetet med ei felles struktur for å gjere det enklare å ha fellesemne?
- Inntening gjennom BOA vs. basisfinansiering. Kven avgjer kor mange som skal ha utdanningstid? Svar: Fakultetet har eigne retningslinjer for tildeling av FoU tid, ein maks tid. Fakultet tildeler på basis av rapportering. Fakultetet er no nøydd til å bruke noko av denne tida til stipend. Om dei vurderingane for FoU tid bør heller skje instituttvis, r no til diskusjon.

Utdanningsutvalet tek orienteringa til vitande og ber om at innspela tas med i det vidare arbeid.

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

<p><b>9/23 Bruk kunstig intelligens i masteroppgåva</b></p>	<p>Vedlegg ligg i Teams: Dokumentet følger innkallinga</p>	<p>Fagmiljøet ved jordmorutdanninga har utarbeida et dokument til sine masterstudentar etter at dei har fått fleire spørsmål frå studentar om bruk av ChatGPT i masteroppgåver</p> <p>Utdanningsutvalet ber om innspel på moment som kan inngå i eventuelle retningslinjer.</p>	<p>Prodekan og leiar for studieadministrasjonen orienterar og innleiar til diskusjon.</p>	<p>25 min</p>
<p><b>Referat:</b> Korleis ein skal referere ligg i Søk og skriv. Det er utarbeidd eit dokument til studentane ved jordmorutdanningane som er utgangspunkt for saka.</p> <p><i>Utdanningsutvalet har følgjande innspel til saka:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Studentrepresentant melder at det har vore nokre saker – det er manglande retningslinjer frå HVL på bruk av kunstig intelligens i oppgåver. Det er vanskeleg å finne ut av i kor stor grad kan Chat GPT nyttast? Kva er ok og kva er ikkje ok? Det er viktig å underrette studentane om dette. Det er blitt sagt: Ikkje bruk det!</li> <li>• Fakultetet har ikkje mottatt nokon rapport frå arbeidsgruppa ved HVL.</li> <li>• Fagmiljøa saknar retningslinjer for bruk av KI. Dei opplever at andre institusjonar har etablerte retningslinjer for dette. Kva er hensiktsmessig bruk?</li> <li>• Det bør utarbeidast nokre felles retningslinjer for dette. KI er komen for å bli! Det er eit viktig arbeid og studentane bør få spesifisert kva som er mogeleg å gjere.</li> <li>• NTNU har laga eit deklarasjonsforslag i WISEflow. Det ligger i referansestil om korleis gjere dette. Dei har lagt stor vekt på at både studentar og tilsette får opplæring i bruk av KI og har laga ei overordna retningslinje for eksamen.</li> <li>• Korleis løyser HVL dette til vi har fått retningslinjene på plass? Det er uheldig for både studentar og sensorar at vi ikkje har nokre retningslinjer for dette.</li> </ul> <p>Utdanningsutvalet ber om at innspela takast med og meldast vidare i institusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan HVL få til felles skildring no som vi kan legge inn i emna i EPN arbeidet? Arbeidsgruppa bør kome med tiltak før 1. februar slik at vi kan få det inn i EPN.</li> </ul>				
<p><b>Pause 5 min</b></p>				
<p><b>10/23 Nye prinsipp for utvikling av studietilbod</b></p>	<p>Vedlegg i Teams:</p>	<p>Fakultetet skal utarbeide nye prinsipp for utvikling av studietilbod og kva som er viktig for fakultetet å</p>	<p>Prodekan</p>	<p>25 min</p>

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

	<p>Gjeldande og nye prinsipp følgjer innkallinga</p> <p>Vedlegg kjem</p>	<p>ha fokus på tida framover. Vurdere om MAMET skal fortsetje som fellesemne</p> <p>Utdanningsutvalet blir invitert til å kome med innspel på dei nye prinsippa.</p>		
<p><b>Referat:</b></p> <p>Prodekan innleia i saka.</p> <p>I 2021 blei det utvikla 10 felles prinsipp for EVU og masterprogram i fakultetet.</p> <p>Fakultetet erfarer at det er behov for nokre nye prinsipp og saka har vore diskutert i leiargruppa. Dei ynskjer å dele inn prinsippa i dei to kategoriane Eksternfinansierte studietilbod og internfinansierte studietilbod</p> <p>Til orientering har jordmorutdanninga allereie fått godkjent MAMET emne med 10 sp.</p> <p><i>Utdanningsutvalet har følgjande kommentarar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jordmorutdanninga har fått godkjent 10 sp – fleire program kan ha gode argument for å redusere sp på MAMET når først eit program har fått løyve til dette.</li> <li>• Mye gjentakningar i forslaget – kan ein heller ha ein supplerande tekst for eksternfinansierte studietilbod i staden for?</li> <li>• Praksisfeltet etterspør studietilbod som er mindre enn 5 sp.</li> <li>• Eksternfinansierte studentar har eige opptak. Det er viktig å påpeke at dette fører til meirarbeid for opptakskontoret.</li> </ul> <p><i>Utdanningsutvalet tek orienteringane til vitande og ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet.</i></p>				
<p><b>11/23 Orienteringar</b></p>	<p>Vedlegg ligg i Teams:</p> <p><a href="#">HVL-konferansen - Høgskulen på Vestlandet</a></p> <p>Dokument om NOA erfaringar følgjer innkallinga</p>	<p>Utdanningsutvalet får følgjande saker orientering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• MOSO – verktøy for digital oppfølging av studentar v/ Gry Sjøholt</li> <li>• HVL Kvalitetskonferanse 24. april</li> <li>• NOA – registrering av deltaking i obligatorisk læringsaktivitet. Verktøyet har blitt prøva ut ved sjukepleie på Stord og Haugesund i samarbeid med FLKI.</li> </ul>	<p>Prodekan og Gry Sjøholt orienterar</p>	<p>15 min</p>

**Fakultet for helse- og sosialvitskap**

- Utlysing av studieporteføljen – [dokument frå styresaka](#) og [FHS oversikt](#)

**Referat:**

**MOSO** – I fleire år er det diskutert digitale løysningar for Helse- og sosialfag. MOSO har utvikla eit verktøy for lærarstudentar. Top N har vore tilrettelagt for sjukepleiarar. Dei fekk utdaningskvalitetsprisen i 2022 og har fått gode tilbakemeldingar frå studentar og lærarar i Lovisenberg. Det jobbar no med Top R for fleire program mellom anna radiograf. MOSO jobbar med å utvikle fleire profesjonsmodular og inviterer med institusjonar i dette arbeidet. HVL er med saman med fleire andre institusjonar og skal delta i å utvikle produktet vidare. Det er 3 delar i prosjektet:

- Planlegge – arbeidspakke for praksisteamet
- Oppfølging av student – tilrettelegging for digitale chat /møter og deling av dokumentasjon
- Trekantsamtale – møte. Vurderingsskjema for midtvegs- og sluttamtale kan leggest inn i løysinga. Studenten logger seg på og har tilgang til sin rettleiar og praksislærer.
- Implementering i FS - Informasjon til FS

Nansen prosjekt skal gå i 2,5 år. HVL prøver å få til å rigge med personar til å delta i dei ulike gruppene. Det skal etablerast ei overordna arbeidsgruppe ved HVL.

**Oppfølging sak:**

Prodekan skal sjekke ut saka om Time Edit og om emneansvarlig sjølv kan legge inn timeplanen. I dag gjerast dette på ei tungvint måte.

**NOA** – er ein registreringsapp for deltaking av obligatorisk læringsaktivitet. Det har vore ei pilot. Erfaringane frå Haugesund har vore gode. Ein skal fortsetje piloten i Haugesund og Stord. Det er eit behov for eit system for å administrere obligatorisk deltaking på læringsaktivitetar

**Studieportefølja** – er meldt inn det har vore gjort eit ekstra arbeid med å gå nøye gjennom den finansierte studieplassane

*Kommentar frå utdanningsutvalet til MOSO:*

- Dette har vore diskutert i nasjonalt fagorgan hos nokre av utdanningane. Skal dette kome som eit tillegg i 365?
- Er personvernet sikra i dette?
- Kven tar kontakt med utdanningane? Svar: Det kjem ei sak om dette i leiarmøtet i januar. Det kjem informasjon ut i fagmiljøa.
- Er det noko som fagmiljøa bør diskutere? Svar: Ja - Kontaktpersonar i fagseksjonane, kven ynskjer å delta og vere kontaktperson i fagmiljøet? Korleis kan vi tenke dette kan gjennomførast hos oss? Ta kontakt med nasjonal arbeidsgruppe.
- Det er ikkje pålegg men eit tilbod om ein vil vere med.

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap****Utdanningsutvalet tek orienteringane til vitande.****12/23 Eventuelt**

Vedlegg:

Neste møter

- 6.2.24
- 23.5.24

5 min

**Referat:**